

---

**Fra:** Kari Elisabeth Hafnor  
**Sendt:** 11. januar 2016 19:39  
**Til:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Markering 20. januar

Til  
Jarle Landås og Kjetil Morken

**Vedk. markering 20.januar.**

Eg takkar for invitasjonen, og tykkjer det er ein god ting at kommunen vil visa at dei set pris på tilsette og takka pensjonistar for lang teneste.

Samstundes meiner eg at å dela ut ei medalje frå Norges Vel er bortkasta pengar, denne vil for min del hamna i ein skuff og bli liggjande der... Eg kjem aldri til å bruka denne eller visa han fram.

Eg veit at kommunen, i mitt tilfelle Radøy ungdomsskule, må betala for medaljen, og denne kostar fleire tusen. Dagleg ser eg kor mykje anna me ikkje har pengar til - og då vert det enno meir meiningslaust.

Eg takkar difor nei til arrangementet og medalje. Eg ønskjer heller ikkje å motta medaljen på arbeidsplassen eller heime.

Eg veit at andre tilsette også har reagert på same måte som eg gjer, og håpar at Radøy kommune kan endra denne praksisen.

Elles vil eg leggja til at eg trivst med å arbeide i kommunen, til trass for strenge økonomiske rammer for tida.

Mvh  
Kari Hafnor